



Lindås kommune
Kvernhusmyrene 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 02.02.2016
Vår ref.: 2014/22673-10
Saksbehandlar: HANVIE_
Dykkar ref.:

Att. Christian Hagerup Reinshol

Fråsegn til høyring av reguleringsplan for Bjørnestø småbåthamn, Vabø - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 18.12.2015 om høyring av forslag til detaljregulering for Bjørnestø småbåthamn, gnr 102, brn 8 m.fl. Hovudføremålet i planen er småbåthamn, småbåtanlegg og naust. Føremålet er dels i strid med kommuneplan der området er sett av til LNF og småbåthamn. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til oppstartmeldinga i brev av 28.10.2014

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettssidene våre: www.hordaland.no/plan/startpakke.

Vurdering

Planfaglege merknader

Planen som ligg føre legg opp til utvikling som dels er i strid med kommuneplanen. Hordaland fylkeskommune er generelt kritisk til utvikling i strid med overordna plan. Vi viser til fråsegn ved oppstart i brev av 01.12.2014. I fråsegna kom fylkeskommunen med tilråing om å gjennomføre ei konsekvensutgreiing for naustområda. I planen som no ligg føre er dette ikkje gjennomført. Hordaland fylkeskommune er kritisk til at det ikkje er gjennomført ei konsekvensutgreiing i samband med regulering av LNF areal til naustområde.

Friluftsliv, strandsone og arkitektur

Planområdet er del av det regionale friluftsområdet Austfjorden- Vadbø som er registrert med viktige strandsoneverdiar. Hordaland fylkeskommune er positiv til utbygging av småbåthamn i tråd med overordna plan, men set spørsmål til at det leggjast tilrette for 5 naust i strid med overordna plan. Føremålet med nausta er å sikre brukarar av småbåthamnen bodar for lagring av utstyr. Dette vert sikra gjennom føresegner som sikrar at nausta vert nytta som bodar. Det er gjeve føresegner for utnytting og høgder, men det er ikkje sikra at det vert tilgjenge mellom nausta og at nausta får variert utforming. Dersom det skal leggjast tilrette for naust i dette området ber vi om at føresegnene sikrar at nausta får variert utforming og at nausta vert plasser i klynger på 2 eller 3 med mellomrom mellom bygga.

Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt innan kulturminnevern. Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor planområdet. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet

søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert. Då planen har areal i sjø har saka vore lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum. Sjøfartsmuseet kjenner ikkje til marine kulturminne som kan bli råka av tiltak etter planen. Elles gjer Bergens Sjøfartsmuseum merksam på at tiltakshavar er pliktig å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne, jf. kulturminnelova § 14. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan verte råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresagnene i kulturminnelova.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har planfaglege merknader til planforslaget. Vi har også merknader til planforslaget for friluftsliv, strandsone, kulturminne og kulturmiljø. Vi ber om at desse merknadene vert teke omsyn til i prosessen vidare.

Eva Katrine R. Taule
kst. plansjef

Hanne Kathrin Vie
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Saksbehandlar:

Hanne Kathrin Vie, Planeksjonen, Regionalavdelinga

Monika Cecylia Serafinska, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga